

Nr. 4

JUNI 1989

22. ÅRG.

Eit år etter byggearbeidet starta i Arna:
**Første kyrkjelydsfest i
nytt kyrkjelydshus**



Fredag 2. juni var det eit år sidan det første spadesticket vart teken for å bygga kyrkjelydshus i Indre Arna. Arbeidet har gått så raskt at det då var mogeleg å halda det første arrangementet i kyrkjelydsregi i det nye huset. Dette vart markert med ein sumarfest for å feira eitårsdagen for byggestart og at

alt så langt har overgått alle dei mest optimistiske planane. Det har vore ein ihuga dugnadsinnsats og gåveinntektene til kyrkjelydshuset har finansiert bygginga så langt utan at det har vore naudsynt å taka opp lån til bygget.

Fredstankar, framtid og von

(Jer. 29,11)


Av res.kap. Morten Lystrup

Profeten Jeremia skriv brev til dei som lever i fangenskap i Babylonia, til dei som sit og græt ved elvane i Babel over at dei er bortviste frå Jerusalem (kap. 29)

Men det er ikkje noka lettvindt trøyst med lovnader om snarleg frigjeving han kjem med: «Bygg dykk hus og bu i dei, planta hagar og et frukta or dei! (...) Og sjå til at det må gå den byen vel som eg har ført dykk bort til, og be til Herren for han!» (v. 5-7)

Jeremia åtvarer mot lukkeprofetane som skaper falske voner om snarleg lukke og heimreise. — Arbeid og be for den verda de er sette inn i, var hans bodskap. — Ikkje drøym dykk bort eller isoler dykk frå den verda Gud har skapt.

Freistinga for den kristne kyrkjelyden er den same som for dei bortførte den gongen: I møte med alt elende i denne verda, er det freistande å venda denne verda ryggen og gøyma seg i kyrkja eller på bedehus med blikket vend mot det nye Jerusalem, eller å gie



-Marianne 89-

seg over til svermerisk herlegdomsforkynning der det vert lova at sorgene og plagene våre snart skal ta slutt.

Men den kristne vona er ikkje noka flukt frå røyndomen. Snarare tvert om, avdi denne vona alltid er knytt saman med oppdraget for den verda og dei menneske Gud har gjeve oss. Røyndomsflukt er å leva for seg sjølv og ha seg sjølv som mål for alt ein gjer. Men den som berre lever for seg sjølv, misser seg sjølv. (Mat. 16,25.)

70 år måtte dei bortførte venta før dei fekk venda attende (v.10). Kanskje må du venta lenger. I mellomtida har du ei oppgåve: Arbeid og be!

Arbeid for Guds verd, for fred og ei framtid, så lenge det er dag.

Be om at Guds tankar om frelse for verda må bli våre tankar: Fredstankar som gir framtid og von.

Kyrkjelydstur med M/S «Granvin» 27. august

Kyrkjelydsturen vert i år med den nyrestaurerte veteranbåten M/S «Granvin», fortel kyrkjetenar Svein Mjelde, som leiår komiteen som førebur turen.

Søndag 27. august skal det skje. Turen går rundt Osterøy. Det vert start frå Ytre Arna klokka 08.45 og frå Seimskaia klokka 09.00. Vi skal halda gudsteneste i Eidslandet kyrkje. Turen varar til om lag klokka 20.00. Prisen for turen er kr. 150 og det inkluderar middag. Ombord i båten kan det kjøpast kaffe og kakar.

Bindande påmelding må gjerast innan 15. august til Arna kyrkjekontor på telefon 24.04.00 eller 24.02.15, til Ytre Arna kyrkjekontor på telefon 24.85.46, eller på telefon 24.28.71 til Svein Mjelde, som i likskap med paven var skytebas før han vart tilsett i kyrkja.

Veteranskipet M/S «Granvin» er ei oppleving i seg sjølv. I gamle dagar gjekk båten i rutefart innover fjordane i Hardanger. Båten holdt på å enda sine dagar i sandfrakt i indre Hardanger. Men ei gruppe båtentusiaster fekk kjøpt båten og har lagt ned eit stort arbeid for å bringe båten tilbake i sin tidlegare så stolte stand. Dei gamle salongane er komen at-




Søndag 27. august vert det kyrkjelydstur med det nyrestaurerte veteranskipet M/S «Granvin».

tende. Det same gjeld den gamle smale skorsteinen.

Ombord i M/S «Granvin» kan ein igjen oppleve miljøet frå den tida då det å reise med rutebåt var å leggja ut på ei ferd. Det var folkeliv på kaia og båtmannskapet hadde tid til å blåse i fløyta før båten la ut frå kai.

BARNEKOR PÅ TUR



Jubileumsgudsteneste i Arna

Søndag den 11. juni kl. 11 vert det jubileumsgudsteneste i Arna kyrkje i høve 250-årsjubileet for grunnskulen. Jubileet har vore feira ved mange høve over heile landet og det har vore feira på mange måtar ved skulane i Arna.

Det er eit nært samband mellom skule og kyrkje. Skulen var opprinneleg ei undervisning som kyrkja starta opp for å gje alle undervisning i kristendom. Fagkrinsen har etter kvart vorte utvida fram til skulen slik vi kjenner han idag.

I Arna har vi eit nært samarbeid mellom kyrkje og skule og det er difor naturleg at vi har ei gudsteneste i kyrkjelyden som markerer jubileet.

Det vert song og musikk av elevar ved gudstenesta og truleg får vi også med litt av den gamle skulen gjennom Pontoppidans forklaring.

Barnekora i kyrkjene i Arna var 3.-4. juni på tur til Bømlo. Der hadde dei konsert i Bremnes kyrkje laurdag og var med på gudsteneste søndag. Arrangementa var i samarbeid med Bremnes barnekanteri. Rubbestadneset skule var staden for overnatting, og ein tur innom Røyksundkanalen leikepark var det og tid til.

Frå Ytre Arna barnekor var det nesten 30 deltakarar med foreldre og frå Arna barnekanteri ein fullsett buss.

På biletet ser vi deltakarane frå Ytre Arna før avreise.

Arnajente på Gå-Ut Senteret

Gå Ut Senteret er en skole der boform og miljø er en viktig del av opplæringen. Slik vil Santalmisjonen hjelpe mennesker til å leve ut sin kristne tro hjemme eller i andre kulturer. Til denne bibel- og misjonsskolen i Hurdal kommer elever fra hele landet. Sæbjørg Hageberg fra Indre Arna er en av disse. Etter gymnaset hadde jeg behov for et tenke- og hvileår, og da jeg tidligere hadde gått folkehøyskole, ble det nå naturlig for meg å tenke bibelskole. Jeg ønsket også å lære mer om Gud og hans ord og få klarhet i hva hans plan med meg var.

Menighetsarbeid og evangelisering har lenge interessert meg, så jeg hadde lyst til å være med på team. Og siden Gå Ut Senteret hadde teamlinje + denne spesielle boformen med familier og enslige sammen, falt valget på denne skolen.

Jeg trives svært godt, både som student og team-medlem. Nå etter jul var teamet 6 uker i Østerrikt på praksisturne. Det var både slitsomt og interessant, og jeg ville ikke gått glipp av det.

Da Santalmisjonen bygde sitt skolesenter for fem år siden var det svært bevisst at internatene ble laget som små hus der 10 til 12 elever bor sammen, men med hvert sitt rom. Felles stue og kjøkken legger til rette for å oppleve en slags familiefølelse, med gleder og sorger det innebærer. En fin treningsplass for det å være et kristent medmenneske i hverdagen, med andre ord.

Skolen har elever i alle aldre. Men de fleste er ganske unge og holder på med sin utdanning. De som har familie kan ha ungene i senterets barnehage eller på skolen i bygda.

Elevene ved bibelkurset kan velge å bli med et team for å få ekstra praksis i menighetsarbeid og evangelisering. De som går på misjonær-kurset har allerede en avtale med et misjonsselskap. For mange av disse er året på Gå Ut Senteret siste forberedelse til å arbeide i land som er totalt forskjellige fra Norge.

Nytt Arna og Åsane prosti

Fra 1. august går Arna ut av Bergen domprosti og inn i et nytt prosti som har fått navnet Arna og Åsane prosti. Nyordningen er en del av et vedtak i Kirke- og undervisningsdepartementet etter forslag fra biskop Per Lønning om deling av det nåværende Bergen domprosti i fire nye prosti.

Det nye Arna og Åsane prosti omfatter menighetene Arna, Åsane, Salhus, Eidsvåg og Biskopshavn.

Åsane skal være det permanente prostesetet i det nye prostiet. Den som i framtiden er sokneprest i Åsane blir også prost for det nye prostiet. Prosteembetet blir besatt når soknepreststillingen blir ledig. Inntil en slik tilsetting skjer har biskopen utpekt sokneprest Kaare Nødtvedt i Salhus som prost i Arna og Åsane prosti.

Nyordningen er satt i verk for å oppnå en effektivisering av kirkens arbeid. Det har vært og er en rivende utvikling i befolkningsmønsteret og kommunikasjonsforholdene i Bergensområdet.

Biskop Lønning sier at spørsmålet om prostigrenser derfor til stadighet må stå til observasjon. Han ser ikke bort fra at mindre justeringer i prostigrensene vil kunne komme på tale allerede på denne siden av tusenårsskiftet, og sier at det i denne forbindelse ikke uten videre er selvsagt at kommunegrenser og prostigrenser vil måtte falle sammen.

Lytt på nærradio!

På grunn av ny omformar på Osterøy, kan me få inn fleire nærradioar. Vi nevner Gnisten, Misjonssambandet, Radio Fana, Indremisjonen. Frekvens 107,5.

GNISTEN:

Mandag - fredag kl. 11-12 og mandag, onsdag og fredag kl. 21-22.

RADIO FANA:

Søndag, tirsdag, torsdag og laurdag kl. 21-22. Laurdag til kl. 22.30.

Eldretur til Godøysund

Eldretreffen på Flatane arrangerar tur til Godøysund Fjordhotell tirsdag 1. august. Reiseleiar vert Harald Sundsbø og sjåfør Knut Vesetvik. Turen er open for alle interesserte så lenge det er plass i bussen. Påmelding og nærare opplysningar ved Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 24 85 46.

Avskil for sokneprest Øy

Når dette bladet kjem ut, er avskilsgudstenestene for det meste over. Det gjeld Ytre Arna kyrkje, Trengereid og Takvam kapell. Men i Arna kyrkje vert det søndag 18. juni, og då innbyr soknerådet alle til kyrkjekaffi i Arna bedehus etter gudstenesta.

ETTERLYSING!

Arna kyrkje er 125 år komande år. Arna sokneråd har nedsett ein festskriftkomite der Kristen Øgaard, Margit Boge, Bjarne Fjelltveit, Dagfinn Sundland og Øyvind Øy er med.

Komiteen etterlyser folk som kan hjelpe oss med stoff til boka. Vi er interessert i gamle bilete, gamle kyrkjeblad og anna stoff som kan vere til hjelp i arbeidet med jubileumsskriftet.

Stoffet kan leverast på KYRKJEKONTORET i BORGSTOVA.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

K.a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

Vikarordning i Prestegjeldet

Som kjent sluttar sokneprest Øyvind Øy i Arna. Han har fått avskil frå 1.7, men dei siste 4 vekene er ferie og fridagar. Soknepreststillinga er enno ikkje lyst ut, og difor vil det nok ta tid før det kjem ny prest. I mellomtida vil det verta vikarar.

Først kjem stiftskapellan Hans Olav Hole i tre veker. Seinare kjem ungdomsprest Gunnar Wiik i vel 2 veker, og frå 14.8 og vidare utover hausten Gottfred Haugland. Han er oppvoksen i Ytre Arna og skal og vera busett der. No i nokre år har han vore tilsett som krinssekretær i Norsk Søndags-skuleforbund i Oslo.

Gjennom sommaren med ferieavvikling og ulike vikarar vil det truleg ikkje vera råd å ha begge prestekontora opne alltid i kontortidene. Om kontoret i Ytre Arna er stengd, kan ein venda seg til sokneprestkontoret i Borgstova, Indre Arna. Tlf. 24 04 00.

Prestetenesta under vakansen i soknepreststillinga vert då slik:

5.6-23.6 Harald Sundsbø
24.6-16.7 Hans Olav Hole
17.7-22.7 Harald Sundsbø
23.7-6.8 Harald Sundsbø og Gunnar Wik
7.8-13.8 Harald Sundsbø
14.8 og utover hausten: Harald Sundsbø og Gottfred Haugland. I tillegg til dette vil det koma andre prestar til enkeltgudstenester.

Soknerådsprotokollar sakna

I samband med at det skal lagast jubileumsskrift for kyrkjene i Arna har det kome fram at nokre av dei gamle soknerådsprotokollane er borte. Det gjeld protokollen for Arna sokn fram til 1937 og for Ytre Arna fram til 1972.

Skulle nokon kjenna til kvar desse protokollane kan ha tatt vegen, vil vi gjerne ha melding om det til kyrkjekontora. Skulle dei ved eit mistak ha vorte liggjande heime hjå nokon, vil vi setja stor pris på å få dei inn.

Rapport frå vår

UTSENDE KATEKET I KAMERUN

Mbé, 18.4.89

Kjære vener!

No er eg endeleg komen på plass der eg skal arbeida! Språkstudiet var slutt til påske, og eg har installert meg i eit av husa på misjonsstasjonen i den vesle byen Mbé. Tønnene med storbagasje er tømde, og eg har etterkvart fått det nokså triveleg, synes eg. Mbé ligg noko lågare enn Ngaoundéré, der eg var dei første månadene. Det merkast på temperaturen! Eg er forresten komen ned hit i den varmaste tida på året, d.v.s., før regntida byrja skikkeleg. Men denne veka har me hatt to kraftige regnskyll, og det hjelper godt. Nokre dagar var temperaturen oppe i 40°C, men dalte betydeleg då regnet kom. Eg håpar berre det kjem til å regna ofte no, slik at me slepp den tunge fuktige varmen.

Ein høyrer gjerne at ein går glipp av årstidene i Afrika. Eg er ikkje heilt samd i det. Sjølv om me ikkje har vinter som i Norge, og frukttræa kan blomstra og bera frukt i tørketida (okt.-april), vil naturen vakna til liv også her no — når regnet kjem. Graset byrja snart å spira opp av den brunsvidde marka.

Sjølv er eg i ferd med å gjera meg kjend i området — og med arbeidet. Frå hausten av kjem eg til å undervisa dåps- og konfirmantklassar og ha kristendomsundervisning i nokre skuleklassar. Dessutan skal eg vera rettleiar for kristendomsleiarane i kyrkja sine skular i distriktet. Truleg vert eg også kontaktperson for søndagsskulearbeidet. Eg er ved godt mot, og gler meg til å starta opp. Og samtidig er eg spent. Korleis vil det gå å undervisa på fransk? Korleis vil eg greia å arbeida i varmen? Dessutan — eg vert åleine norsk misjonær her i Mbé neste år! Det er ei stor utfordring. Rett nok venta me ein agronomstudent frå Ås hit til hausten. Så då blir me to norske. Og så vil eg få god hjelp i huset og på stasjonsområdet av ein erfaren kokk og alt-mulig-mann. Dessu-



tan får eg nok snart fleire vener her. Så det skal nok gå bra, trur eg. Men — eg er glad for at det er mange heime som ber for meg og for arbeidet. Utan den støtta veit eg ikkje om eg kunne vore her i det heile. Så — takk for forbøn!

Elles høyrer eg av og til nytt frå Arna. — Brev er kjærkomne! — Særleg gler det meg at det har gått så fort og greitt med bygginga av kyrkjelydshuset.

Til lukke med imponerande innsats!
Eg ynskjer dykk alle ein god sommar!

Beste helsing
Målfrid Sandvik
Adr.: Mbé,
B.P. 6 Ngaoundéré
CAMEROUN



Kateket Harald Haugsvær i kjend stil føre konfirmantane på veg inn i kyrkja. Etter 20 år sluttar han no i denne tenesta i Arna kyrkjelyd. (Foto: Audun Stølås)

Sommerleirer i Sætervika

Sætervika er en idyllisk leirplass som ligger fint til ved Samnangerfjorden.

Finn en leir som passer for din aldersgruppe og kom!

16.-20. juni, 10-12 år. Med båttur.
20.-23. juni, 12-14 år. Aktivitetsleir
30.6-2.7, 8-10 år
24.-30. juli, 9-14 år. Ferieleir
31/7-5/8, 9-14 år. Ferieleir
5.-8. aug., 8-10 år
8.-14. aug., ov. 14 år. Interesseleir

Nærmere opplysninger og påmelding:
Norsk Luthersk Misjonssamband
C. Sundtsgt. 2, 5004 BERGEN
Tlf. 32 12 52

Kirkedager i Bodø

947 har meldt seg som deltakere til sommerens Kirkedager i Bodø i tiden 5.-9. juli.

- Med tanke på at svært mange erfaringsmessig venter i det lengste med å sende inn påmeldingsblanketten, er dette et høyt tall.

Dette mener lederen av Kirkerådets styringsgruppe for Kirkedagene i Bodø, Bjørn Hareide. Han bekrefter at det fremdeles er mulig å melde seg på til Kirkedagene.

- Vi kommer til å ta imot påmeldinger helt fram mot Kirkedagenes åpning. Mange venter i det lengste med å bestemme seg, og det får vi finne oss i, sier Hareide.

Opplysninger om kirkedagsprogrammet og om påmelding får en ved henvendelse til Kirkerådets kontor.

Sluttar i tenesta i Arna etter 20 år:

Harald Haugsvær - ein av dei første kateketane i landet

Av Audun Stølås

Harald Haugsvær vart ein av dei første kateketane i landet då han i februar 1969 tok til i denne kyrkjelege undervisningsstillinga i Arna. Først eit halvt år etter at han hadde byrgja som kateket vart ordninga med denne yrkesgruppa i kyrkjelydane offisielt oppretta. I august i år sluttar Harald Haugsvær etter over 20 år som kateket i Arna.

Det var biskopen i Bjørgvin som ba han om å hjelpa soknepresten i Arna med konfirmantundervisninga. Harald Haugsvær spurde då biskopen kva arbeidet ville gå ut på i og med at det ikkje var vedteke nokon ordning for denne tenesta. Han fekk då til svar at han skulle hjelpa til med å gi dei unge opplæring i den kristne tru. På denne tida var opplegget for katekettenesta både vidtfemnande og diffust, men sidan ein meir fastspikra ordning var på trappane fekk Harald Haugsvær kallsbrev frå biskopen.

Det har skjedd store forandringar i konfirmantopplæringa i løpet av desse 20 åra, fortel Harald Haugsvær. I byrjinga var det ei brytningstid mellom den tradisjonelle konfirmantundervisninga som hadde vore og som enda opp med overhøyring på kyrkjegolvet som ein typisk eksaminasjon. I åden for pugginga som hadde dominert opplegget, la eg vekt på samtale, aktivitetar og miljøarbeid. På den tiden var det eit uvanleg opplegg for konfirmantopplæringa. Men etter kvart vart dette opplegget godkjent og vart slege fast i planane som det vanlege opplegget for konfirmantopplæring.

-Har konfirmantane endra seg mykje på desse 20 åra?

-Både ja og nei. Konfirmantane er i dag like umiddelbare, impulsive og rett på sak som ungdom i denne aldersgruppa alltid har vore. Men i dag er det kanskje meir trong for

normsetjing enn det har vore tidlegare. Ungdomen i dag ser mykje fjernsyn og video og får gjennom det mykje kunnskap. Men ofte vert denne form for kunnskapstlegning meir stykkevis og ikkje sett inn i ein større samanheng. Dei unge vert i dag meir bråmodne på einskilde område, men saknar ofte den større samanhengen å sjå tingene i. Når det til dømes gjeld tvil og skepsis som dei unge gjev uttrykk for i tilhøvet til den kristne trua er dette ofte noko dei har frå TV, video eller blader. Men ofte er dei tankene dei unge har på dette feltet lite grunngeevne. Dei kan difor i dag virka meir aggressive enn konfirmantane var tidlegare. Men det understrekar berre at trongen for konfirmantopplæring der den kristne trua kan drøftast i brei samanheng er større i dag enn tidlegare. Det er i dag også større trong for at konfirmasjonsundervisninga vert sett inn i ein miljøsamanheng. Det må og skal vera undervisningstimar der dei ulike sidane ved kristentrua vert drøfta. Men i tillegg til det har ungdommen trong for gode fritidsmiljø der dei kan kjenna seg trygge. Det er eit godt ungdomsarbeid i gang i kyrkjelyd og bedehus. Men det er naudsynt at desse tilboda vert bygd vidare ut. Vi treng fleire, og meir varierte fritidstilbod til dei unge i kyrkje og bedehus, seier Harald Haugsvær.

Han seier at han har opplevd dei 20 åra som kateket i Arna som ein god tid, der han har fått eit godt tilhøve til konfirmantane og foreldra deira og eit godt samarbeid med dei andre tilsette i kyrkjelyden.

KONG OLAV ØNSKER BØNEVEKKJING

«Vi har en tusen-årig kristen tradisjon i Norge. Kirken er den fremste bærer av denne tradisjonen, og det er kirkens og de troendes oppgave å føre denne tradisjonen videre og bevare evangeliet som den bærende kraft i vår nasjon.»

Det er Hans Majestet kong Olav som skriv dette i forordet til boka *Lær oss å be!* Boka vert gjeven ut på Credo Forlag i samband med den evangeliseringsaksjonen som kyrkjer og organisasjonar står attom under namnet «Kontaktforum for evangelisering».

Gi større åndskraft

Vidare skriv Kongen følgjande: «Det er derfor en glede å registrere de initiativ som nå settes igang for å styrke bønnetjenesten i Norge, også utenfor gudstjenestens faste ramme. En styrket forbønningstjeneste vil gi større åndskraft til å bære frem det kristne vitnesbyrd.

Det er mitt ønske at denne boken kan være et bidrag til å styrke en målrettet bønnebevegelse i Norge.»

Formannen i evangeliseringsaksjonen, biskop Bjørn Bue, seier at han er svært takksam for dei klare orda frå Kongen.

— Kong Olav gir her tydelege signal om si eiga kristne tru, og signal om korleis han opplever den åndelege situasjonen i folket. Kongen ønskjer gjennom desse orda å retta merksemda mot eit bærande fundament i folket vårt, nemleg den kristne trua, seier Bue, som aldri før har registrert ein så sterkt personleg, kristeleg markering som den Kongen no kjem med.

Venta på Jesu atterkome

Men Hans Majestet har også fleire gonger tidlegare kome med klare ord om si kristne tru. Då biskop Sigurd Lunde intervjuar Kongen i samband med utgjevinga av boka *Kongen på kirkevei*, minna Lunde han om at han under innviinga av Kong Haakon's Kirke i København hadde uttrykt von om at kyrkja kunne få utføra si signande gjerning heilt til Jesus kjem att.

— Ja, svara kongen enkelt. Det er jo det vi skal venta på. Ikkje sant? (KPK)

60 års konfirmantar i Ytre Arna



Søndag 28.5 inviterte Ytre Arna sokneråd dei som var konfirmerte for 60 år sidan. På biletet ser vi frå v.

Res.kap. Harald Sundsbø, Gerd Mjelde, f. Nævdal, Olav Dale, Anna Haga, f. Nilsen, Magna Pettersen f. Bruvik, Øyvind Askeland, Anna Dorthea Skage, f. Gaupås, Arne Johan Lillebergen og Lillian Selma Bjelland f. Hanssen.

Presten
har
ordet

Øyvind Øy



Ti gode år i Arna

Tida i Arna har vore rike og gode år og når vi no skal bryte opp og flytte, merkar vi kor nær vi er knytt til folket og bygda her. Arna er ein god stad fordi her er eit rikt og variert miljø og vi har fin natur nær innpå oss. Arbeidet som prest gjer at eg møter mange menneske både i sorg og glede. Eg har hatt fine og gode stunder ilag med mange av dykk og vi har også delt sorger og vanskelige hendingar saman. Dette gjer at eg kjenner meg nær knytt til bygda og folket her.

Arbeidet i kyrkja gjev ei stor kontaktflate gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Vi har godt samarbeid med alle skulane, både elevar og tilsette. Det er ikkje nok for oss at kyrkja er sentralt plassert i bygda. Vi ønskjer også å vere i bygdemiljøet og vere med å forme framtida i Arna. Vi ønskjer å vise at vi er her, så alle kan vite kvar vi er å finna til dagleg og når nokon har spesielt bruk for kyrkja si hjelp.

Gudstenestene står sentralt i arbeidet i kyrkjelydane. Høgmessa søndag formiddag er hovudsamlinga og vi har hatt mange gode gudstenester saman. Eg har eit ønske om at enno mange fleire får oppleve rikdomen og verdien i å samlast til gudsteneste, ikkje berre søndag formiddag, men også andre dagar og tider. Ikkje minst har det vore ei glede å samarbeide med skulane om ei lang rekke skulegudstenester.

Arbeidet i kyrkjelydane i Arna er rikt og variert. De som arbeider i dei kristne organisasjonane gjer eit stort og verdifullt ar-

beid som har vesentlig betydning i kyrkjelydane. Eg vil takke for godt samarbeid i desse åra. Ei takk vil eg også retta til dykk eg har samarbeidd med frå dei frie (evangeliske) forsamlingane i Arna.

Eg vil ynskje dykk lykke til med arbeidet vidare i begge kyrkjelydane. Eg vonar at enno mange fleire i tida som kjem vil oppleve rikdomen og gleda ved å høyre til i ein aktiv og levande kyrkjelyd.

Takk frå meg og heile familien for fellesskap, omsorg og omtanke i den tid vi har bodd i Arna!

Gud signe kyrkjelydane i Arna og Ytre Arna!

Helsing
Øyvind Øy

Konfirmant- innskriving

Det blir konfirmantinnskrivning for konfirmantåret 1989/90 i uke 24.

Konfirmantene i Ytre Arna sokn møter i kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Tirsdag 13 juni

Jenter møter kl. 18.00

Gutter møter kl. 19.00

Konfirmantene i Indre Arna sokn møter på den av de tre innskrivningsplassene som de bor nærmest, og hvor de til høsten vil ha konfirmanttimene. Dato og klokkeslett er:

Tirsdag 13 juni Adnamarka skole og

Lone skule

Jenter møter kl. 18.00

Gutter møter kl. 19.00

Onsdag 14 juni Garnes skole

Jenter møter kl. 18.00

Gutter møter kl. 19.00

Konfirmanter som ikke er døpt i Ytre Arna eller Arna kyrkje må ta med seg dåpsattest.

Ta med en blyant eller kulepenn.

Erik Rodal



Kateket Harald Haugsvær i kjend stil føre konfirmantane på veg inn i kyrkja. Etter 20 år sluttar han no i denne tenesta i Arna kyrkjelyd. (Foto: Audun Stølås).

Sommerleirer i Sætervika

Sætervika er en idyllisk leirplass som ligger fint til ved Samnangerfjorden.

Finn en leir som passer for din aldersgruppe og kom!

16.-20. juni, 10-12 år. Med båttur.
20.-23. juni, 12-14 år. Aktivitetsleir
30.6-2.7, 8-10 år
24.-30. juli, 9-14 år. Ferieleir
31/7-5/8, 9-14 år. Ferieleir
5.-8. aug., 8-10 år
8.-14. aug., ov. 14 år. Interesseleir

Nærmere opplysninger og påmelding:
Norsk Luthersk Misjonssamband
C. Sundtsgt. 2, 5004 BERGEN
Tlf. 32 12 52

Kirkedager i Bodø

947 har meldt seg som deltakere til sommerens Kirkedager i Bodø i tiden 5.-9. juli.

- Med tanke på at svært mange erfaringsmessig venter i det lengste med å sende inn påmeldingsblanketten, er dette et høyt tall.

Dette mener lederen av Kirkerådets styringsgruppe for Kirkedagene i Bodø, Bjørn Hareide. Han bekrefter at det fremdeles er mulig å melde seg på til Kirkedagene.

- Vi kommer til å ta imot påmeldinger helt fram mot Kirkedagenes åpning. Mange venter i det lengste med å bestemme seg, og det får vi finne oss i, sier Hareide.

Opplysninger om kirkedagsprogrammet og om påmelding får en ved henvendelse til Kirkerådets kontor.

Sluttar i tenesta i Arna etter 20 år:

Harald Haugsvær - ein av dei første kateketane i landet

Av Audun Stølås

Harald Haugsvær vart ein av dei første kateketane i landet då han i februar 1969 tok til i denne kyrkjelege undervisningsstillinga i Arna. Først eit halvt år etter at han hadde byrgja som kateket vart ordninga med denne yrkesgruppa i kyrkjelydane offisielt oppretta. I august i år sluttar Harald Haugsvær etter over 20 år som kateket i Arna.

Det var biskopen i Bjørgvin som ba han om å hjelpa soknepresten i Arna med konfirmantundervisninga. Harald Haugsvær spurde då biskopen kva arbeidet ville gå ut på i og med at det ikkje var vedteke nokon ordning for denne tenesta. Han fekk då til svar at han skulle hjelpa til med å gi dei unge opplæring i den kristne tru. På denne tida var opplegget for katekettenesta både vidtfemnande og diffust, men sidan ein meir fastspikra ordning var på trappane fekk Harald Haugsvær kallsbrev frå biskopen.

Det har skjedd store forandringar i konfirmantopplæringa i løpet av desse 20 åra, fortel Harald Haugsvær. I byrjinga var det ei brytningstid mellom den tradisjonelle konfirmantundervisninga som hadde vore og som enda opp med overhøyring på kyrkjegolvet som ein typisk eksaminasjon. I åden for pugginga som hadde dominert opplegget, la eg vekt på samtale, aktivitetar og miljøarbeid. På den tiden var det eit uvanleg opplegg for konfirmantopplæringa. Men etter kvart vart dette opplegget godkjent og vart slege fast i planane som det vanlege opplegget for konfirmantopplæring.

-Har konfirmantane endra seg mykje på desse 20 åra?

-Både ja og nei. Konfirmantane er i dag like umiddelbare, impulsive og rett på sak som ungdom i denne aldersgruppa alltid har vore. Men i dag er det kanskje meir trong for

normsetjing enn det har vore tidlegare. Ungdomen i dag ser mykje fjernsyn og video og får gjennom det mykje kunnskap. Men ofte vert denne form for kunnskapstiligning meir stykkevis og ikkje sett inn i ein større samanheng. Dei unge vert i dag meir bråmodne på einskilde område, men saknar ofte den større samanhengen å sjå tingene i. Når det til dømes gjeld tvil og skepsis som dei unge gjev uttrykk for i tilhøvet til den kristne trua er dette ofte noko dei har frå TV, video eller blader. Men ofte er dei tankene dei unge har på dette feltet lite grunngevrne. Dei kan difor i dag virka meir aggressive enn konfirmantane var tidlegare. Men det understrekar berre at trongen for konfirmantopplæring der den kristne trua kan drøftast i brei samanheng er større i dag enn tidlegare. Det er i dag også større trong for at konfirmasjonsundervisninga vert sett inn i ein miljøsamanheng. Det må og skal vera undervisningstimar der dei ulike sidane ved kristentrua vert drøfta. Men i tillegg til det har ungdommen trong for gode fritidsmiljø der dei kan kjenna seg trygge. Det er eit godt ungdomsarbeid i gang i kyrkjelyd og bedehus. Men det er naudsynt at desse tilboda vert bygd vidare ut. Vi treng fleire, og meir varierte fritidstilbod til dei unge i kyrkje og bedehus, seier Harald Haugsvær.

Han seier at han har opplevd dei 20 åra som kateket i Arna som ein god tid, der han har fått eit godt tilhøve til konfirmantane og foreldra deira og eit godt samarbeid med dei andre tilsette i kyrkjelyden.

KONG OLAV ØNSKER BØNEVEKKJING

«Vi har en tusen-årig kristen tradisjon i Norge. Kirken er den fremste bærer av denne tradisjon, og det er kirkens og de troendes oppgave å føre denne tradisjonen videre og bevare evangeliet som den bærende kraft i vår nasjon.»

Det er Hans Majestet kong Olav som skriv dette i forordet til boka *Lær oss å be!* Boka vert gjeven ut på Credo Forlag i samband med den evangeliseringsaksjonen som kyrkjer og organisasjonar står attom under namnet «Kontaktforum for evangelisering».

Gi større åndskraft

Vidare skriv Kongen følgjande: «Det er derfor en glede å registrere de initiativ som nå settes igang for å styrke bønnetjenesten i Norge, også utenfor gudstjenestens faste ramme. En styrket forbønningstjeneste vil gi større åndskraft til å bære frem det kristne vitnesbyrd.

Det er mitt ønske at denne boken kan være et bidrag til å styrke en målrettet bønnebevegelse i Norge.»

Formannen i evangeliseringsaksjonen, biskop Bjørn Bue, seier at han er svært takksam for dei klåre orda frå Kongen.

— Kong Olav gir her tydelege signal om si eiga kristne tru, og signal om korleis han opplever den åndelege situasjonen i folket. Kongen ønskjer gjennom desse orda å retta merksemda mot eit bærende fundament i folket vårt, nemleg den kristne trua, seier Bue, som aldri før har registrert ein s sterkt personleg, kristeleg markering som den Kongen no kjem med.

Venta på Jesu atterkomme

Men Hans Majestet har også fleire gonger tidlegare kome med klåre ord om si kristne tru. Då biskop Sigurd Lunde intervjuar Kongen i samband med utgjevinga av boka *Kongen på kirkevei*, minna Lunde han om at han under innviinga av Kong Haakons Kirke i København hadde uttrykt von om at kyrkja kunne få utføra si signande gjerning heilt til Jesus kjem att.

— Ja, svara kongen enkelt. Det er jo det vi skal venta på. Ikkje sant? (KPK)

60 års konfirmantar i Ytre Arna



Søndag 28.5 inviterte Ytre Arna sokneråd dei som var konfirmerte for 60 år sidan. På bildet ser vi frå v.

Res.kap. Harald Sundsbø, Gerd Mjelde, f. Nævdal, Olav Dale, Anna Haga, f. Nilsen, Magna Pettersen f. Bruvik, Øyvind Askeland, Anna Dorthea Skage, f. Gaupås, Arne Johan Lillebergen og Lillian Selma Bjelland f. Hanssen.

Presten
har
ordet

Øyvind Øy



Ti gode år i Arna

Tida i Arna har vore rike og gode år og og når vi no skal bryte opp og flytte, merkar vi kor nær vi er knytte til folket og bygda her. Arna er ein god stad fordi her er eit rikt og variert miljø og vi har fin natur nær innpå oss. Arbeidet som prest gjer at eg møter mange menneske både i sorg og glede. Eg har hatt fine og gode stunder ilag med mange av dykk og vi har også delt sorger og vanskelige hendingar saman. Dette gjer at eg kjenner meg nær knytt til bygda og folket her.

Arbeidet i kyrkja gjev ei stor kontaktflate gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Vi har godt samarbeid med alle skulane, både elevar og tilsette. Det er ikkje nok for oss at kyrkja er sentralt plassert i bygda. Vi ønskjer også å vere i bygdemiljøet og vere med å forme framtida i Arna. Vi ønskjer å vise at vi er her, så alle kan vite kvar vi er å finna til dagleg og når nokon har spesielt bruk for kyrkja si hjelp.

Gudstenestene står sentralt i arbeidet i kyrkjelydane. Høgmessa søndag formiddag er hovudsamlinga og vi har hatt mange gode gudstenester saman. Eg har eit ønske om at enno mange fleire får oppleve rikdomen og verdien i å samlast til gudsteneste, ikkje berre søndag formiddag, men også andre dagar og tider. Ikkje minst har det vore ei glede å samarbeide med skulane om ei lang rekke skulegudstenester.

Arbeidet i kyrkjelydane i Arna er rikt og variert. De som arbeider i dei kristne organisasjonane gjer eit stort og verdifullt ar-

beid som har vesentlig betydning i kyrkjelydane. Eg vil takke for godt samarbeid i desse åra. Ei takk vil eg også retta til dykk eg har samarbeidd med frå dei frie (evangeliske) forsamlingane i Arna.

Eg vil ynskje dykk lykke til med arbeidet vidare i begge kyrkjelydane. Eg vonar at enno mange fleire i tida som kjem vil oppleve rikdomen og gleda ved å høyre til i ein aktiv og levande kyrkjelyd.

Takk frå meg og heile familien for fellesskap, omsorg og omtanke i den tid vi har bodd i Arna!

Gud signe kyrkjelydane i Arna og Ytre Arna!

Helsing
Øyvind Øy

Konfirmant- innskriving

Det blir konfirmantinnskrivning for konfirmantåret 1989/90 i uke 24.

Konfirmantene i Ytre Arna sokn møter i kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Tirsdag 13 juni

Jenter møter kl. 18.00

Gutter møter kl. 19.00

Konfirmantene i Indre Arna sokn møter på den av de tre innskrivningsplassene som de bor nærmest, og hvor de til høsten vil ha konfirmanttimene. Dato og klokkeslett er:

Tirsdag 13 juni Adnamarka skole og

Lone skule

Jenter møter kl. 18.00

Gutter møter kl. 19.00

Onsdag 14 juni Garnes skole

Jenter møter kl. 18.00

Gutter møter kl. 19.00

Konfirmanter som ikke er døpt i Ytre Arna eller Arna kyrkje må ta med seg dåpsattest.

Ta med en blyant eller kulepenn.

Erik Rodal

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døyppte

Arna sokn:

- 16.04: Erling-André Bakken Helle, Tor-Andre Lavik, Eirik Loftheim Erdal.
14.05: Robert Vestgård, Christian Hjart-holm, Lena Kvammen Hetleflåt og Christian Haugland Espeseth.
21.05: Silje Garmanslund, Ørjan Welan-der Magnussen, Remi Rolland Fla-tås og Renate Haugland.

Ytre Arna sokn:

- 06.05: Malmfrid Kalsås f. 1899
09.05: Astrid Aasheim, f. 1904.
14.05: Paul Hermann Skreien, f. 1913

Vigde

Arna sokn:

- 22.04: Alf Rundhovde og Anja Larsen.
29.04: Terje Nytveit og Trine Osland.
13.05: Torstein Lervik og Linda Karin Henriksen.
13.05: Håkon Ragnvald Fanebust og Me-rethe Mjeldheim.

Ytre Arna sokn:

- 27.05: Wissam Jebran og Herman Kronen.



Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-ne desse søndagane:

- Arna: 25/6, 16/7, 23/7, 6/8, 20/8, 3/9, 10/9.
Ytre Arna: 18/6, 23/7, 20/8, 10/9.
I Ytre Arna kan ein og ha dåp når det er nattverd 16/7, 30/7, 13/8 og 3/9.

† Døde

Arna sokn:

- 29.03: Erna Laila Halvorsen f. 1938. Be-gravet fra Hjelle kirke.
05.04: Ester Storm Sjursen f. 1906.
09.04: Dagny Kleppstø f. 1936.
09.04: Synneva Faugstad f. 1899.
16.04: Maria Olin Kalsås f. 1901.
18.04: Aslaug Karoline Herfindal f. 1914.
02.05: Ragnhild Aakre f. 1930.
04.05: Else Romslo f. 1910.
05.05: Kristi Brudvik f. 1910.
06.05: Sigurd Johan Hansen f. 1917.
08.05: Thor Henry Hansen f. 1911.

Ytre Arna sokn:

- 06.05: Malmfrid Kalsås f. 1899
09.05: Astrid Aasheim, f. 1904.
Paul Skreien

TAKVAMSTEMNE

20. august kl. 16.00 vert det gudsteneste i Takvam kapell.
Kyrkjekaffi.
Misjonssambandet er ansvarleg for stemnet i år.

OLSOKGUDSTENESTE I TAKVAM KAPELL

28. juli kl. 19.00 vert det gudsteneste i Takvam kapell. Sokneprest Per Inge Eide vert med.

Ofringar

Arna sokn:

- 09.04: Bjørgvin Stiftssenter 1327,-
16.04: Kristent Pedagogisk Forum 1880,-
23.04: Den indre Sjømannsmisjon 1790,-
30.04: Kyrkjelydshuset 2368,-
30.04: Kyrkjelydshuset 3268,-
04.05: Kirkens SOS 1279,-
07.05: Kyrkjelydsarbeidet 3066,-
07.05: Kyrkjelydsarbeidet 3864,-
14.05: Nordhordland Indremisjon 3109,-
15.05: Institutt for sjelesorg 899,-
17.05: Arna søndagsskulelag 2820,-
21.05: Sang og musikkarbeidet i Arna kyrkjelyd 2329,-

Ytre Arna sokn:

- 09.04: Norges KFUK/KFUM 727,-
16.04: Norges krist.stud.- og skoleung.lag 1227,-
01.05: Kristne arbeideres forbund 537,-
07.05: Kyrkjelydsarbeidet 4890,-
14.05: Nordhordland Indremisjon 2410,-
21.05: Arna kyrkjelydshus 642,-

Trengereid:

- 26.03: Israelsmisjonen 872,-
27.04: Kyrkjelydsarbeidet 2376,-
14.05: Nordhordland Indremisjon 783,-
17.05: Arna Søndagsskulelag 1037,-

KYRKJESKYSS FRÅ ESPELAND/HAUKELAND

- 11.6: Berit Haugsvær 24 08 15
18.6: Sverre Myklebust 24 29 05
25.6: Ingrid Hope 24 08 08
2.7: Harald Røslund 24 08 70
ferie
6.8: Konrad Borge 24 00 31
13.8: Berit Haugsvær 24 08 15
20.8: Sverre Myklebust 24 29 05
27.8: Ingrid Hope 24 08 08

KYRKJESKYSS FOR INDRE ARNA

Er det eldre folk i Indre Arna som har lyst til kyrkje, kan dei no ringja til:

- Jan Marius Olsen 24 03 08
Gunnar Kaaresen 24 02 41
Kjartan Hollekve 24 23 45

Økonomi og etikk

«Økonomi og etikk» er tema for en konferanse som Kirkerådets diakoni- og samfunnsråd og Agder distriktshøyskole arrangerer i Kristiansand 14.-16. september. Blant foredragsholderne er biskopene Andreas Aarflot og Halvor Bergan, teologene Ingunn Montgomery og Turid Karlsen Seim.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegårdane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.



KIRKENS SOS

Senter for samtale og sjelesorg over telefon, søker kristne frivillige medarbeidere over 22 år. Søkere må være lojale mot

Den Norske Kirkes bekjennelse.

Interesserte er velkomne til å henvende seg over telefon 23 45 12 eller 23 30 80 mellom kl. 11.00-14.00 for nærmere opplysning.

Ta kontakt med oss snarest.

MØTER

Betania, Lone

- 18.06: Møte v/Santalmisjonen
- 22.06: Møte v/NML
- 25.09: Møte v/Indremisjonen
- 29.06: Nattverdmøte
- 02.07: Møte v/NLM
- 09.07: Møte v/BUF
- 16.07: Møte v/Indremisjonen
- 23.06: Møte v/NLM
- 30.06: Møte v/BUF
- 06.08: Møte v/Indremisjonen
- 13.08: Møte v/NLM
- 17.08: Nattverdmøte
- 20.08: Møte v/BUF
- 24.08: Møte v/Indremisjonen
- 26.08: Ungdomskveld v/BUF
- 27.08: Møte v/Indremisjonen
- 31.08: Møte v/BUF
- 03.09: Møte v/NLM
- 09.09: Samlingsfest

Arna bedehus

- 11.06 Møte v/Indremisjonen kl. 19.00.
Talar sokneprest Bjarne Edvin Landro.

Ytre Arna bedehus

- 18.06: Møte

Lister til soknerådsvale

I kyrkjelydane er det på soknemøte vald nominasjonsnemnder til å koma med framlegg til vallister til soknerådsvalet i oktober.

Desse vart valde:

ARNA:

Per Eide, Reidun Erstad, Mariann Fjell-tveit, Jens K. Hauge, Berit Haugsvær, Jan Marius Olsen, Haldor Romslo, Audun Stølås, Lars Taule og Gunnar Ødegård.

YTRE ARNA:

Marit Austnes, Helga Eide, Tormod Hans-tveit, Marianne Hydle, Arnfinn Landøy, Martin Skjelbreid, Liv Skulstad, Sylvi Sæle, Marie Teigland og Aud Else Vesetvik.

Har nokon framlegg til kandidatar, kan ein gjerne ta kontakt med nokon av dei som er valde i desse nemndene.

Fast tid for misjonen

I Kontaktforum for Menighetenes misjonsengasjement er det foreslått å gjøre adventstiden til kirkeårets misjonstid. Andre muligheter er åpenbaringstiden, pinse eller tiden mellom Kristi Himmelfartsdag og Treenighetssøndag. Til forumets møte i juni skal Kirkerådet levere en vurdering av saken.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Audun Stølås, Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: Kr. 30,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av Grafisk Forum AS, Ytre Arna.

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Kåre Bj. Hope

Står til teneste med alt ved dødsfall.

Kransebinderi, sløfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

TLF. 24 08 08



Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossagt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna – Tlf. 24 04 96

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN

 **VEST**
AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for
Bil – Båt og
varetransport

ARNATVEIT
AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen ved J.B. Myklestad.

Velkommen til kyrkje

- Juni 11.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Jubileumsgudsteneste for skulejubileet. Takkoffer til Hjemmenes dåpsring. Søndagsskole.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd.
- Juni 18.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. AVSKILSGUDSTENESTE. Nattverd. Takkoffer til Arna kyrkjelydshus.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den indre sjømannsmisjon.
- Juni 25.** Arna kl. 11. Høgmesse Døveprest Straume. Takkoffer til Norsk Gideon.
Ytre Arna kl. 11. Høgmesse. Stiftskap. Hole. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Juli 02.** Arna kl. 11. Stiftskap. Hans Olaf Hole. Nattverd. Takkoffer til Norges KFUK-KFUM.
Ytre Arna kl. 11. Kateket Erik Rodal. Takkoffer til Dei fire diakoniinstitusjonane.
- Juli 09.** Arna kl. 11. Kateket Erik Rodal. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
Tregereid kl. 11. Stiftskap. Hans Olaf Hole. Takkoffer til Barnevernsinstituttet Dronning Mauds Minne.
- Juli 16.** Arna kl. 11. Redaktør Finn Jarle Sæle. Nattverd. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.
Ytre Arna kl. 11. Stiftskap. Hans Olaf Hole. Nattverd. Takkoffer til Kristen idrettskontakt.
- Juli 23.** Arna kl. 11. Ungdomsprest Gunnar Wiik. Takkoffer til Internasjonal Massemediainstitutt.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Alternativ til abort.
- Juli 28.** Takvam kl. 19. OLSOKGUDSTENESTE. Sokneprest Per Inge Eide.
- Juli 30.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11. Ungdomsprest Gunnar Wiik. Nattverd. Takkoffer til Hjemmenes dåpsring.
- Aug. 06.** Arna kl. 11. Ungdomsprest Gunnar Wiik. Takkoffer til Den norske Muhamedanarmisjonen.
Tregereid kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Santalmisjonen.
- Aug. 13.** Arna kl. 11. Forstandar Audun Tang. Nattverd. Takkoffer til Kristelig kringkastingslag.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Aug. 20.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11. Vikarprest Gottfred Haugland. Takkoffer til Barne- og ungdomskoret.
Takovam kl. 16.00. TAKVAMSTEMNE.
- Aug. 27.** Arna kl. 11. Vikarprest Gottfred Haugland. Nattverd. Takkoffer til Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd.
- Sept. 03.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11. Vikarprest Gottfred Haugland. Nattverd. Takkoffer til Den norske israelsmisjon. Sondagsskule.
- Sept. 10.** Arna kl. 11. Vikarprest Gottfred Haugland. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Sondagsskule.
Arna kl. 19. Vikarprest Gottfred Haugland. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Sept. 17.** Arna kl. 11. Domprost Nils Monstad. Nattverd. Betania Musikkor. Takkoffer til det norske misjonselskap.
Ytre Arna kl. 11. Misjonsprest Tor Dag Kjosavik. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonselskap. Sondagsskule.
Tregereid kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Sondagsskolens dag. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets.
- Sept. 24.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Sondagsskolens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets.
Ytre Arna kl. 11. Vikarprest Gottfred Haugland. FAMILIEGUDSTENESTE. Sondagsskolens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer av Kyrkjelydsbladet: 20. august.